



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/841 - 15/7001

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
19.06.2015

Delingssak gbnr 88/88 Sæbø ytre - Sæbøtunet bustadfelt - fradeling

Delegasjonssak nr.: 164/2015

Saksutgreiing:

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen.

Tiltak

Det er søkt om deling av eigedom.

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m ²	Arealtype før deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
S 1	4438			Øystein Morås
F 8	684			Øystein Morås
F 11	2101			Øystein Morås

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Sæbøtunet, planID 12602011000600 er definert som område for heilårsbustader med tilhøyrande infrastruktur og fellesområde.

Dispensasjon

Det er ikkje trong for dispensasjon.

Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det vert elles vist til søknad mottatt dato 12.05.2015 og supplert i møte dato 11.06.2015.

Eigarane av bustader i feltet skal ha tinglyst rett i S1.

Sameiet SÆBØTUNET HAR RETT TIL TILKOMST ~~OG~~
OG VEDLIKEHOLD AV FELLES RENSEANLEGG FOR
KLOAKK, SAMT TILSTØTEND NØDVENDIGE GRØFTER
PÅ PARSELL MED BENEVNELSE S1.

Flaum, skred og andre natur- og miljøforhold

Det er ikkje avdekket auka risiko som følgje av tiltaket.

LOVGRUNNLAG

Søknad om deling skal handsamast etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 m).

VURDERING

Det er rådmannen sin vurdering at tiltaket er i samsvar med arealføremålet i plan.

Det vert satt som vilkår at reguleringsplan for Sæbøtunet framleis skal gjelde for bruken av areala.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert tiltaket det er søkt om og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtaket

Det vert gjeve løyve til deling som omsøkt av parsellane S1, F8 og F11 i regulert felt på Sæbøtunet på følgjande vilkår:

1. F8 og F11 får eige gards- og bruksnummer
2. S1 skal vere tilleggsareal til gbnr 88/1
3. sameiet Sæbøtunet skal ha tinglyst rett til tilkomst og moglegheit for vedlikehald for felles renseanlegg plassert i S1
4. reguleringsplan for Sæbøtunet skal framleis gjelde

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 m).

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26A

5911

ALVERSUND